



Jobbnorge-ID: 278599

Søknadsfrist: 23.04.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Fast prosent (50)

Varighet: Fast

Professor eller førsteamanuensis (50 %) i medisinsk og helsefaglig pedagogikk

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=vtJLmcUJ3-w>

Professor eller førsteamanuensis i medisinsk og helsefaglig pedagogikk

Ved Det medisinske fakultet, Eining for læring, er det ledig inntil ein fast stilling som førsteamanuensis eller professor (50 %) innan fagfeltet medisinsk- og helsefagleg pedagogikk. Arbeidsstad er ved Eining for læring i Bergen.

Eining for læring er ei fagleg eining med vitenskapleg tilsette som har oppgåver knytt til utdanningsfagleg kompetanseheving av anna vitenskapelig personell ved fakultetet samt forskning innanfor det medisinsk-pedagogiske fagfeltet. Eininga har no 3,4 årsverk fordelt på 4 tilsette i faste og mellombelse stillingar.

Stillingssinnhavaren i den utlyste stillinga skal inngå i Eining for læring sitt team og vil ha arbeidsoppgåver knytt til eininga sitt mandat. Hovudoppgåva for stillinga er forskning, undervising og formidling innan medisinsk- og helsefagleg pedagogikk. Den som vert tilsett vil bli knytt til forskargruppa Medical Education Research Group ved fakultetet. Personen vi søker er i ein aktiv fase av karrieren, og har fagleg tyngde innafør fagfeltet medisinsk- og helsefagleg pedagogikk.

Vi søker ein medarbeidar som saman med tilsette ved eininga og fakultetet vil bidra til framifrå forskning og undervising. Personen vi søker er i ein aktiv fase av karrieren.

Arbeidsoppgåver/forskningsområde:

Den som vert tilsett skal initiere, leie og bidra i forskingsprosjekt, undervise det vitenskapelige personalet og rettleie studentar og stipendiatar, ta del i strategisk arbeid for å styrke utdanningskvaliteten ved fakultetet sine studieprogram samt og ta på seg administrative oppgåver etter rettleiande tidsmessige rammer. Det vert forventa at den tilsette regelmessig sender søknadar til relevante nasjonale og internasjonale kjelder for forskingsfinansiering. Undervisningsplikta i stillinga er knytt til Eining for læring si emneportefølje, og til utvikling av denne. Reiseverksemd må påreknast for å nå tilsette med arbeidsplass ulike plasser i regionen.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Kvalifiserte søkjarar har norsk doktorgrad, eller tilsvarende kompetanse, i eit fagfelt relevant for stillinga.
- Kvalifiserte søkjarar fyller krav til utdanningsfagleg kompetanse og dokumenterer dette i et pedagogisk mappe (sjå retningslinjer for oppretting av ei pedagogisk mappe på [Eining for læring](#)). Kravet er absolutt for professor medan førsteamanuensis vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing. Undervisningsspråket er i hovudsak norsk. Det blir kravd at den som blir tilsett har ferdigheiter i norsk eller eit anna skandinaviske språk på nivå B2 innan tre år etter tilsetjinga. UiB tilbyr norskopplæring og vil legge til rette for at språkkravet kan oppfyllest.
- Søkjaren må kunne undervise på engelsk for visse målgrupper.
- Den ideelle kandidaten har også god kjennskap til dei utdanningsprogram som inngår i fakultetets portefølje.
- Det vil vert spesielt lagt vekt på tidlegare erfaring med pedagogisk kompetanseheving blant vitenskapelige tilsette. Søkjarar må kunne demonstrere innsikt i dei vanlegaste problemstillingane som gjeld for utdannarar i sektoren.
- Den ideelle kandidaten publiserer på høgt internasjonalt nivå, kan vise til søknader og tilslag frå nasjonale og internasjonale finansieringskjelder for forskning og utdanningsarbeid. Resultat oppnådd dei siste 5-7 år vil verte særleg vektlagt ved bedømminga.
- Erfaring frå ulike nasjonale og internasjonale forskingssamarbeid, og evne til å etablere internasjonale nettverk vil telje positivt ved bedømminga. Det same gjer også erfaring av og interesse for innovasjon.
- Søkjarar med forskningsbasert kunnskap og erfaring med bruk av kunstig intelligens innan høgare utdanning vil være av særleg interesse.

- Personlege eigenskapar samt evne og vilje til samarbeid vert vektlagt ved vurderinga. Gjennom intervju og prøving av undervisningskompetansen kan dette bli ytterlegare kartlagt.

Vi tilbyr:

- Eit godt og internasjonalt arbeidsmiljø og spanande arbeidsoppgåver i eit fakultet med fagmiljø som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt
- Faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling
- Professor:
Løn er for tida kr 950 000 (kode 1013), eller løn for spesialist kr 970 000. Løn er brutto pr. år for ei fulltidsstilling i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. For særleg kvalifisert søkjar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- Førsteamanuensis:
Løn er for tida kr 745 000 - 770 000 (kode 1011), eller løn for spesialist kr 770 000 - 805 000. Løn er brutto pr. år for ei fulltidsstilling i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. For særleg kvalifisert søkjar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Søknadsbrev som fortel kvifor du søker stillinga
- Utfyllande CV samt relevante vitnemål og attestar
- Plan for eiga forskning dei neste fem åra (maks 3 A4-sider)
- Fullstendig publikasjonsliste
- [Pedagogisk mappe](#)
- Ei liste over vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (høgst 10 for førsteamanuensis, høgst 15 for professor). For kvart arbeid skal det følgje med eit kort samandrag som omtalar dei viktigaste funna i arbeidet
- Dei vitenskaplege arbeida frå punktet over i pdf-format
- Namn og kontaktinformasjon til minst to referansar

Det er særskilt viktig at kvart av dei vitenskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga får ein ved å kontakte Visedekan for utdanning Marit Øilo, epost: marit.oilo@uib.no eller telefon: +47 55586638.

Mangfald er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Vi oppmodar søkjarar med funksjonsnedsetjing, innvandrarakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søkjar frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det medisinske fakultet består av fem institutt og åtte senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Marit Øilo, Visedekan
Telefon: +47 55 58 66 38 | E-post: marit.oilo@uib.no

Arbeidsstad:

Haukelandsveien 28 5009 Bergen (Bergen Kommune)